

From: Eidsheim, Nils Arve[nilsei@leroy.no]
Sent: 08.06.2022 11:41:52
To: Endre Korsøen[Endre.Korsoen@vlfk.no]
Cc: Haagensen, Cathinka[Cathinkaha@leroy.no]
Subject: Lerøy Vest AS - Søknad om ny lokalitet for oppdrett av matfisk av laks og aure på lokalitet ved Skår i Tysnes kommune - ber om ytterlegare dokumentasjon
Hei,

Vedlagt ligg Forundersøking Skår og søknad vurdert opp mot KU, i samband med Lerøy Vest sin søknad om lokalitet Skår Tysnes kommune.
Ta kontakt om noko manglar.

Mvh
Nils arve

Fra: Endre Korsøen <Endre.Korsoen@vlfk.no>
Sendt: mandag 18. oktober 2021 10:33
Til: Eidsheim, Nils Arve <nilsei@leroy.no>
Emne: Lerøy Vest AS - Søknad om ny lokalitet for oppdrett av matfisk av laks og aure på lokalitet ved Skår i Tysnes kommune - ber om ytterlegare dokumentasjon

Hei,
Søknad om etablering av ny lokalitet for oppdrett av matfisk av laks og aure ved Skår i Tysnes kommune er motteken og registrert.
Sjølv om denne plasseringa har vore klarert tidlegare må dokumentasjonskravet til denne søknaden bli som for søknad om ny lokalitet.
Før søknadsprosessen vert starta opp ber vi om følgjande supplering:

Krav om KU-vurdering ved akvakultursøknadar

Krav om konsekvensutgreiing (KU) ved akvakultursøknadar har heimel i plan- og bygningsloven.

Selskap som sender inn søknadar om akvakultur har eit sjølvstendig ansvar for å vurdere om tiltaket treng KU etter forskrift 21.06.2017 nr. 854 om konsekvensutgreiingar.

Akvakultur fell inn under vedlegg II om tiltak etter anna lovverk, og skal behandlast etter § 10 jf. § 8. Fylkeskommunen er ansvarleg myndigheit for planar og tiltak for akvakultur. Forskrifta tok til å gjelde 1. juli 2017 og erstatta to tidlegare forskrifter om KU for planar etter plan- og bygningslova og forskrift om konsekvensutgreiingar for tiltak etter sektorlover.

Vestland fylkeskommune vil krevje at det ved søknadar om akvakultur blir lagt ved ei eiga vurdering frå søker etter KU-bestemmelsane.

Dette inneber at søknadar om akvakultur skal innehalde ei eiga skriftleg KU-vurdering, der søker viser si vurdering av om tiltaket vil få vesentlege verknadar for miljø og samfunn etter krava i KU-forskrifta. Søkar skal vurdere tiltaket jf. Vedlegg II etter § 10 jf. § 8 i forskrift om konsekvensutredningar. Merk at det er ei *vurdering* av

konsekvensutgreiing, ikkje ei konsekvensutgreiing etter plan og bygningslova.

Dette vil gjelde ved søknad om nye akvakulturlokalitetar, vesentlege utvidingar av eksisterande akvakulturlokalitetar og ved vesentleg endra bruk av eksisterande akvakulturanlegg både i sjø og på land.

Miljøgransking

Søknaden må supplerast med ny miljøgransking. Denne må utførast i samsvar med revidert NS 9410: 2016. Den skildrar krav til kor det skal overvakast, kva som skal overvakast og korleis overvakinga skal gå føre seg. Det vert kravd ein forundersøkelse før etablering eller ved vesentlege endringar av eit akvakulturanlegg som inneberer ei grundigare kartlegging av lokaliteten.

Ta kontakt dersom du har spørsmål.

Endre Korsøen

Seniorrådgjevar Akvakultur

Seksjon for naturressursar, landbruk og reiseliv
Avdeling for innovasjon og næringsutvikling



Tlf: 917 64 632

www.vlfk.no